



Kaizers i aksjon på Vift. (Foto: Jonn Karl Sætre, Kvinnheringen)

Kaizers Orchestra blir det fremste trekkplaster under Festidalen denne sommaran. Festival-leiinga slapp denne gledelege meldinga torsdag. Kvinnheringen skriv at dette er det heftigste trekkplaster ein kvinnhershk rockefestival kan skilta med.

Kaizers har til og med ein kvinnhering med på laget - trommeslagar og perkusjonist Rune Solheim frå Husnes.

Han trakterte i si tid trommene ii Uskedalen Musikklag og då han kom på lærarhøgskulen i Bergen hadde han Frank Jakobsen som trommelærar.

Kaizers har spela i kommunen to gonger før, på Vift på Husnes.

Festidalen er utruleg stolte og glade for å kunna offentleggjera fyrste band til årets festival : Kaizers Orchestra!, skriv festivalleiinga i ei pressemelding.

Pressemeldinga held fram:

Konsertanmeldarane har alltid lagt sin elsk på dette maskineriet som er kjent for å gi bønn pinne når dei er på scena. Bilfrelst ungdom i Kvinnherad vert bedne om å teite hjulboltane litt ekstra denne helga, då felgar er mellom anna nokre av kuriositetane som vert nytta som instrument. Og det er, som mange sikkert veit, Kvinnheringen Rune Solheim som bestemmer takten i bandet.

Me er og glade for å informera om at etter kvart god kjende lokale rockebandet Kobayashi vitjar Festidalen i år. Kobayashi kan skilta med strålende anmeldelsar i lokalpressa, og vekkjer publikummet sitt med fengjande rytmar og heavy headbanging frå scena.

Festidalen har som intensjon at me alltid skal presentera eit variert og spanande program. Neste helg står By:larm i Oslo for døra og Festidalen reiser til hovudstaden for å studere kva som rører seg i musikkmiljøet i Noreg og dei andre skandinaviske landa.

Me lovar å fylgja den gode trenden me no er inne i vidare, og komma med fleire rocka godbitar til våre gode Festidalenvenner utover våren!